



Arbeidsinstruks for vintervedlikehald

1. Kontraktøren samt eventuell vikar skal gjere seg kjend med roden, instruksjen og kontrakten før arbeidet settes i verk. Vidare skal kontraktøren til ei kvar tid rette seg etter direktiv frå Sykkylven kommune. Dersom det er uklart korleis arbeida skal utførast skal dette takast opp med Sykkylven kommune. Kontraktøren plikter å sette seg inn i og følgje bestemmingane i vegvesenet si handbok nr. 051 om "Arbeidsvarsling". Handboka omfattar mellom anna krav til skilting ved snørydding etc.
2. Der tilliggande gang/sykkelveg, fortau eller riks/fylkesveg vert brøyta av andre, skal arbeidet koordinerast med rette vedkomande, for å unngå dobbeltarbeid og at snø sperrer desse anlegga meir enn høgst nødvendig.
3. Dersom det er uver eller andre årsaker til at arbeida ikkje kan gjennomførast som føresett, skal Sykkylven kommune varslast snarast. Dersom kontraktøren ikkje får brøyta vegane som planlagt skal leverandøren ringe til Oppdragsgjever innan kl 0800 og orientert om stoda. Dette forenkler arbeidet og betrar sørvisen mot publikum.
4. Ved vegsperringar pga. fonner, ras eller andre årsaker skal Sykkylven kommune varslast omgåande. Dersom det er fare for liv og helse skal brann/ulykkesvakta tlf. 110 eller politi 112 varslast. Dette gjeld også andre forhold som representerer fare for trafikkantane. Sykkylven kommune skal varslast om vegskader og andre ekstraordinære forhold som gjer det nødvendig at kommunen sine folk må rykke ut.
5. Kontraktøren skal ha oppsyn med sin rode ved overgang mellom frost og tøye og hindre at vegen og tilstøytande anlegg får skade ved snøsmelting og derav flom. Dersom kontraktøren ser det påkravd at kommunen iverkset vedlikehaldsarbeid skal Sykkylven kommune varslast omgåande.
6. Kontraktøren skal vise omsyn til annan trafikk og vegens naboar. I størst muleg grad må ein unngå at møtande trafikk får tildekkja frontruter med snøføyke og eigedomar langs vegen må ikkje påførast skade. Der det ikkje medfører særleg ekstraarbeid, skal ein unngå (mest muleg) å legge snø i avkjørsler og tilstøytande vegar. Snø skal ikkje leggjast slik at det hindrar fri sikt i kryssområde.
7. Ved passering av bruer og gjerder langs vegen må ikkje snøen pressast så hardt mot desse at dei får skader. Kostnader med reparasjon av kantstein, gjerder, kummar som følgje av hardhendt brøyting, kan bli belasta kontraktøren.
8. Etter trafikkreglane § 2 nr.4 kan fører av kjøretøy som er i bruk til vegarbeid, når det er til vesentleg lette for arbeidet, fråvike det som er fastsett i eller i medhald av vegtrafikklova §§ 4-9. Vegtrafikklovas § 3 skal likevel alltid overhaldast og kan ikkje fråvikast. Brot på denne regelen set føraren i same strafferettslege stilling som ein kvar annan trafikant. Når det er nødvendig for å hindre fare, skal førar av kjøretøy som er i bruk i vegarbeid eller liknande og som fråviker vegtrafikkbestemmingane, nytte gult blinkande lys. jfr. trafikkreglane § 14 nr.3.
9. Ved brøyting skal følgjande prioritering leggjast til grunn: Gangvegar – Hovudvegar – Samlevegar og plassar – sidevegar og stikkvegar.
10. Vegar som har stigning mot hovudveg skal prioriterast innafor sin kategori, der dette ikkje forsinkar brøytinga totalt sett. Eventuell utbrøyting til full breidde av kryss og busslomme etc., skal utførast snarast etter gjennombrøyting. Oppdragsgjever har rett til å pålegge endring i prioritetsrekkefølgen.



11. Brøyting skal settast i gang ved - 10 cm våt snø, eller 15 cm tørr snø. Maksimal snømengde er 15 cm på roden/vegen før den er gjennombrøytta og roden skal vere gjennombrøytta innan kl 0630. Brøytinga skal elles tilpassast behovet for publikum og dette tilseier ei naturleg standardsenkning av brøytinga mellom kl.2300 og kl 0500. Oppdragsgjevar har rett til å pålegge endring av kriteriene for oppstart av brøyting.
12. Ved glatte vegar og behov for strøing pliktar kontraktøren straks å varsle Sykkylven kommune, som vil avgjere vidt og i kva slags omfang strøing skal foretas.
13. Sykkylven kommune atterhell seg rett til ved egne maskiner og utstyr å kunne utføre deler av vintervedlikehaldet dersom Sykkylven kommune har ledig kapasitet til dette. Dette gjeld alle typar arbeid, men antas særlig å være aktuelt for høvling og fjerning av drevsnø samt kantar etter høvling. Før Sykkylven kommune sett i verk slik arbeid vil kontrakten bli varsla. Bruk av kommunens eigen kapasitet er ikkje betinga av at kontraktøren har mislighalde sine plikter. Grunnen til at det kan vere aktuelt å nytte eigen kapasitet er at oppdragsgjevar søker å få utført tenestene på ei for kommunene mest mulig økonomisk fordelaktig måte.
14. Sykkylven kommune er utan ansvar for alle typar skader som måtte oppstå under kontraktørens utføring av oppdraget, også overfor tredjemann.
15. Dersom leverandøren påfører skade på fast eigedom/gjerder etc. under brøyting, skal han straks melde frå til Sykkylven kommune som skal sjå på skaden og gjere dei nødvendige notat. Skade gjort av leverandør, må han sjølv svare for.
16. Brøytevakt/operativ leiar hos Sykkylven kan pålegge at brøyting skal finne stad uavhengig av beskrivinga i dette konkurransegrunnlag. Likeleies kan vedkommande pålegge kontraktørane at det ikkje skal foretas brøyting sjølv brøyting etter kontraktørens oppfatning skal finne stad.
17. Arbeidet omfattar alle nødvendige aktivitetar for oppfyljing av kontraktens krav, sjølv om de ikkje er uttrykkelig nemnt i kontrakten.
18. Leverandøren skal halde seg informert om, og rette seg etter dei til einkvar tid gjeldande lover, forskrifter, krav og pålegg frå offentlige myndigheiter samt tryggleiksinstruksar som vedrører arbeidet.
19. Leverandøren er ansvarleg for at det personell som skal utføre arbeidet har dei nødvendige godkjenningar, autorisasjonar og rettigheitar som er naudsynte for utføringa av arbeidet. Vi minner om vegdirektoratets krav om at dei som skal utføre arbeid skal ha gjennomført kurs i arbeidsvarsling, minimum kurs 1. Ansvarshavende skal ha gjennomført kurs i arbeidsvarsling kurs 2.
20. Leverandøren pliktar å syte for at arbeidet utføres i samsvar med alminnelige krav til helse- miljø og sikkerhet. Personell skal ha opplæring og naudsynt utstyr.
21. Oppdragsgjevar kan komme til å foreta stikkprøver av utstyr og personell for å sikre at krava i kontrakt og instruks vert etterlevd. Leverandøren pliktar å rette seg etter merknader fra oppdragsgjevar etter slike kontrollar.



22. Leverandøren pliktar å utføre vedlikehaldsarbeidet i samsvar med kontrakten og i samsvar med til ei kvar tid gjeldande pålegg frå Sykkylven kommune. Herunder kva for utstyr som skal nyttast, og kor vidt det skal nyttast kjetting under utførelsen av arbeidet.
23. Leverandøren har, innanfor ramma av kontrakta plikt til å samarbeide med oppdragsgivar og andre som utfører arbeid som påvirkes av og påvirker leverandørens utføring av arbeidet, og innrette seg i forhold til disse, slik at de samlede aktivitetar knytt til snøbrøytinga kan utføres rasjonelt og effektivt.
24. Leverandøren pliktar å utføre arbeidet så rasjonelt og effektivt som mogeleg. Herunder skal leverandøren til ei kvar tid nytte utstyret i den tilbydde utstyrsparken som er mest egna til å oppnå effektiv drift.
25. Leverandøren held alt naudsynt utstyr for utføringa sjølv. Sykkylven kommune har tidlegare hatt ein del frontmontert brøyteutstyr, men vil avvikle denne ordninga.

-----SK 2016-2023-----